

---

Saksnr: 2020/43724-9  
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

**Søknad om støtte til forprosjektet "Vestlandet sitt flytande kulturhus"**

## Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på kr. 100 000,- til Strilabiblioteket i Alver kommune til forprosjektet «Vestlandet sitt flytande kulturhus» under føresetnad om løyving frå Stiftinga Fritt Ord. Midlane vert løyvde frå fylkesutvalet sin rådeveldekonto (kontostreng: 100110.149000).

## Samandrag

Strilabiblioteket i Alver kommune har tatt initiativ til at kommunane kan nytte den tidlegare bokbåten Epos til årlege litteraturfestivalar. Utgifter til bemanning av båten og arrangement vert dekt av kvar einskilt kommune. Strilabiblioteket er prosjekteigar og organiserer ruta og drift av båten. Det er ønskjeleg å kome i gang i 2021 med å starte utprøving av dette tiltaket som eit forprosjekt.

Bokbåten var ei fylkeskommunal bibliotekteneste for kommunane i Hordaland. Fylkestinget vedtok i juni 2020 at Vestland fylkeskommune ikkje skal drifte bokbåteneste i fylket. Fylkesrådmannen meiner at initiativet frå kommunane er interessant og gjer framlegg om å støtte prosjektet. Ein tek likevel ikkje på seg vidare kostnader for tiltaket.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i juni å avslutte bokbåttene i fylkeskommunal regi etter vårsesongen 2020. Det vart vedtatt at Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket. Fylkestinget ønskjer å prioritere bibliotekpolitisk tiltak med utjamnande effekt (jf. vedtak i fylkestinget PS 50/2020).

Fylkeskommunen fekk 10.september ein open søknad om støtte til forprosjektet «Vestlandet sitt flytande litteraturhus» på kr. 100 000 frå Strilabiblioteket i Alver kommune.

Formålet med prosjektet er at bokbåten Epos skal leve vidare som litteraturhus. Prosjektet vil prøve ut ein modell der kommunane organiserer tilbodet som ein årleg litteraturfestival. Per 8.september har 28 kommunar svart positivt på å delta i prosjektet. Av desse er 14 frå tidlegare Hordaland, 10 frå tidlegare Sogn og Fjordane og 2 frå Rogaland.

Dei kommunale biblioteka vil ha ansvaret for opplegget i kvar sin kommune ved å stille med personale og arrangement. Strilabiblioteket organiserer ruta og drift av båten.

Vestland fylkeskommune er beden om å stille til disposisjon boksamlinga som høyrte heime på bokbåten. Biblioteka kan supplere med eiga samling. Det vert utlån av bøker frå båten, men målet er ikkje å få høge utlånstal. Fokus vil liggje på litteraturformidling i form av presentasjonar, samtalar og utstillingar. Biblioteka kan samarbeide om dei lokale programma med både kommunale og frivillige aktørar i kommunen. Det kan bli debattkveldar rundt lokale tema, små kurs og verkstadsaktivitetar, turnear med forfattarar, teater, musikk og liknande.

Strilabiblioteket har innleidd samarbeid med *Tekstalliansen*, som har til formål å fremme skriftkulturen på Vestlandet og *Rom for ord*, som er eit litterært arrangørledd i distrikta med base i Sunnfjord kommune. Begge organisasjonane har driftsstøtte frå fylkeskommunen.

Budsjett for leige av bokbåten Epos i 45 døgn med mannskap, bunkers mm. er kr. 900 000. Det er søkt om finansiering av dette frå Fritt Ord med kr. 800 000 og frå Vestland fylkeskommune med kr. 100 000. Utgifter til bemanning av båten og arrangement vert dekt av kvar einskilt kommune.

Søkjaren seier at det er viktig å kome i gang i 2021 for å sikre kontinuitet i drifta, derfor ønskjer dei å starte utprøving av «Vestlandet sitt flytande litteraturhus» som eit forprosjekt. Om forprosjektet vert vellykka kan det bli aktuelt å søkje om KUP-midlar for 2022.

### Vedtakskompetanse

### Fylkesutvalet

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Løyvinga vert belasta innan ramma til fylkesutvalet sin rådveldekonto og kan løyvast med atterhald om løyving frå Fritt Ord.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Tilgang til kultur er ein del av det ålmenne folkehelsearbeidet.

**Regional planstrategi:** Tiltaket følgjer opp satsingar i Regionale kulturplan i Hordaland 2015-2025 og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027

### Konklusjon

Det er vedtatt at Vestland fylkeskommune ikkje skal drifte bokbåttene i fylket. Strilabiblioteket i Alver kommune har tatt initiativ til at kommunane kan nytte bokbåten Epos til årlege litteraturfestivalar. Utgifter til bemanning av båten og arrangement vert dekt av kvar einskilt kommune. Strilabiblioteket organiserer ruta og drift av båten. For å sikre kontinuitet i bokbåtdrifta er det ønskeleg å kome i gang i 2021, med å starte utprøving av tiltaket som eit forprosjekt. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på kr. 100 000 under føresetnad av at prosjektet får støtte frå Fritt Ord.